



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3182 - 14/11845

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
13.08.2014

Godkjenning - oppføring av garasje på Langeland, gbnr 24/135.

Administrativt vedtak. Saknr: 219/2014

Tiltakshavar: Erna og Kjell Mjåtvedt
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 09.07.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på gbnr 24/135.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område. Det er gitt dispensasjon for bygging på eigedomen i UDU.sak 009/12 i møte 24.01.2012.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 07.04.2014 i samband med søknad om løyve til oppføring av bustad. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 09.07.2014. Eigar av gbnr 24/7 har i erklæring motteke 13.08.2014 samtykka i at tiltaket kan plasserast heilt i grense mot gbnr 24/7. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Eigedomen er på 1289 m². Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar per eining, jf Kommuneplanens arealdel. Det skal vere minimum 250 m² utandørs opphaldsareal. Følgjeleg samsvarer tiltaket med Pbl § 28-7.

Planløyising og utsjånad.

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av garasje på gbnr 24/135 i samsvar med søknad motteke 09.07.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 09.07.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Avstand til grense mot gbnr 24/7 i samvar med erklæring motteke 13.08.2014.

Ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Seim Bygg AS	984330324	S	1	Søknad
PRO	Dakark AS	976598407	S	1	Bygningsutforming/ arkitektur Bygningsfysikk/-teknikk
	Alversund Maskinstasjon AS	937664044	S	1	Graving, boring, sprenging
	Brødrene Myking Maskinstasjon	967497029	S	1	Betongarbeid

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erna og Kjell Mjåtvedt	Sagstadvegen 65	5918	FREKHAUG
------------------------	-----------------	------	----------

Mottakere:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------